



VELDIG REDNINGSAKSJON: Ein liten del av hjelpemannskapa samla på flatene rett sør for Langavatnet, medan nye mannskap strøymer til over isen. Dette biletet vart nytta i Arvid Møller si bok *Den farlege naturen*, utgjeven på Det Norske Samlaget 1986.

Eit gruvekkjande 70-årsminne

<http://www.wisa-hordaland.no/nyhende/eit-gruvekkjande-70-arsminne-1.1880491>

Palmesundag 30. mars 1947, 70 år sidan i dag, sit framleis spikra i minnet til dei som opplevde tragedien på Upsete. Nesten ein heil generasjon ungdomar i Eskeland-slekta vart utradert i den ufattelege tragedien som utspann seg i lia på sørsida av Langavatnet. I alt 13 ungdomar var samla på stølen til Voss folkehøgskule og skulestyrar Øystein Eskeland. Åtte av dei la palmesundag ut på skitur i det heller dårlege vêret. I tillegg til dei fem nemnde, var det Ivar Eskeland, som budde på Stord, Brynjulv Fadnes frå Voss og Finn Torstensen frå Høvik i Bærum.

IVAR ESKELAND overlevde tragedien. Han fortalde til Hordaland at alle åtte stod oppe i lia. Dei var nett ferdige med å skrapa vekk is under skiene og skulle skri bort til stølen dei budde på då raset kom. Dei opplevde det som om skredet losna der dei stod, men augnevitne på andre sida av dalen såg at det losna heilt oppe under toppen. Ungdomane freista å skri unna, men vart fanga av infernoet. Også Ivar gjekk under i raset. «Han var heilt under snøen ein augneblink, men med same skreda stogga fekk han hovudet opp or snøen. Han hadde mist begge skiene og kom seg fort laus. Det hadde vore eit hardt press av snøen då han var under, og han hadde fått eit slag i hovudet, men det var ikkje so mykje at det meinka han noko», står det i Hordaland 2. april 1947.

Eskeland såg straks Brynjulv Fadnes. Han stod fast i snøen og måtte ha hjelp av hyttefolk som kom til for å koma seg laus. Litt seinare vart òg Finn Torstensen funnen. Han låg om lag ein meter under snøen, men «då folk gjekk over plassen der han låg, hørde dei at han ropte, og på den måten vart han funnen».

Torstensen vart frakta til Voss Sjukehus, der det vart konstatert at han hadde kome frå det med mindre skadar.

RAUDEKROSSEN på Voss vart varsla etter at den eine av dei to som kom seg ut av raset ved eiga hjelp, truleg Brynjulv Fadnes, sprang til Upsete og fortalde kva som hadde skjedd. I halv titida om kvelden gjekk det eit ekstratog frå Voss med doktor Huseklepp og hjelpemannskap. Toget var framme på Upsete i 23-tida. Til saman var rundt 150 mann i arbeid utover natta. I eitt-tida fann dei Eva Haugen. Ho synte ingen teikn til liv, og etter fire timar med opplivingsfreistnader måtte hjelpemanskapa konstatera at ho var død. Halle Eskeland vart funnen i femtida måndagsmorgonen, og dei tre siste vart funne i løpet av morgonen og tidleg ettermiddag. Den siste var Lars Eskeland, som låg lenger nede i raset enn dei andre.

Meir leitemannskap kom til utover morgonen og føremiddagen, og til sist var fleire hundre samla i området der raset - som ifylgje augneskildringar var om lag 120 meter breitt og kanskje opp mot 800 meter langt - hadde gått.

JOHANNES KVAMMEN minnest godt den fryktelege dagen for 70 år sidan.

- Den sundagen var eg og syskenborna mine Johannes og Arnfinn Graue på Honvestølen på andre sida av dalen. Eg var under opplæring til lokfører og hadde arbeid som fyrbøtar. Eg måtte reisa ned att til Voss om kvelden fordi eg skulle på jobb på austgåande nattog. Då eg kom ned til Upsete, gjekk det rykte om at det hadde skjedd ei ulukke, men ingen visste noko sikkert. Så eg reiste ned att til Voss og gjekk opp til hybelen hjå fru Sudmann. Eg skulle på jobb i totida om natta, men då eg kom ned i lokstallen fekk eg høyra om raset. Og då eg kom ned på stasjonen, var det massevis av folk der. Ein heil gjeng med landssvikfangar var utkommanderte, eg trur nok det må ha vore så mange som femti, pluss vakter. Så vidt eg hugsar var dei berre utrusta med spadar, og dei vart lasta opp i tre godsvogner som vart kopla på nattoget austover.

Kvammen hugsar at toget vart kraftig forseinka og gjekk frå Voss stasjon klokka 03.10 natt til måndag 31. mars. Ved Langvasstølen nær austenden av Langavatnet stogga toget, og fangar, vakter og utstyr vart lasta av. Kvammen som var på jobb saman med Emil Bratland og skulle vidare austover til Ål, hugsar at han såg leitemanskapa for gåande på ei lang rekkje bortover isen på vatnet.

- SYSKENBORNA MINE stod i vindauga i selet på Honvestølen då dei såg at det kom folk på ski på andre sida av dalen. Dei vart aldeles fælne, for me hadde lært at me aldri måtte gå på ski der, til det var det for rasfarleg. Det var greitt nok å gå i dalsida på føtene sommarstid, men aldri på ski om vinteren. Johannes og Arnfinn kunne ikkje fatta at nokon kunne finna på å gå der, og brått såg dei at skiløparane forsvann i eit snøgov. Dei såg rett og slett at raset gjekk og at ungdomane vart tekne, fortel Johannes Kvammen. Han kan ikkje forstå noko anna enn at Eskeland-brørne, som var lommekjende på eigen støl, visste like godt som nokon andre kor farleg det var å ferdast i lia sør for Langavatnet, men det er eit spørsmål ein aldri vil få svar på.

Kvammen, er fødd på Voss, men frå han var seks år gammal budde han og foreldra i Odda. I 1950 flytta han til Oslo, der han jobba for NSB til han gjekk av som 62-åring. Kvammen bur framleis på Kolbotn og er aktiv i Hardinglaget i hovudstaden.

DET ER VANSKELEG å påstå at ei ulukke fører til noko godt, men skredet på Upsete var ulukka «hvor tanken ble født» om å bruka hundar til å søkja etter menneske som ligg under snøen. Kaare Skalstad var med i gjengen av hjelpekorsfolk som drog oppover med det fyrste ekstratoget etter at ulukkesmeldinga kom. Saman med eit par andre, hadde han ansvaret for trekkhundane som var med. På vegen oppover går diskusjonen om korleis redningsaksjonar vert gjennomførte, og semja er stor om at det å finna menneskekroppar i slike enorme snømengder er verre enn å leita etter nåla i høystakken. Tanken slår ned i hundemannen Skalstad: kva kunne ikkje ein hund ha utretta? Kor ofte hadde han ikkje sett eigen hund rota i snøen og grava fram mat og andre godsaker som låg gøymde eller gløymde i snøen!

Tanken ville ikkje sleppa taket, og kort fortalt vart tragedien på Upsete starten på utdanninga av Heidi, den aller fyrste lavinehunden her i landet. I 1964 gjev Skalstad ut boka Heidi, der han både fortel om rasulukka på Upsete og om livet til og treninga med den etter kvart så berømte schæferen Heidi.

ALLE DEI OMKOMNE ungdomane var i alderen 19 til 23 år. Lars (23) og broren Halle (20) var søner til rektor Øystein Eskeland på Voss folkehøgskule. Lars studerte filologi, medan Halle var inne på eit militært kurs på Trandum. Syskena Kari (20) og Arve (19) Eskeland var tremenningar av Lars og Halle. Dei budde i Oslo og var borna til konsulent Øystein A. Eskeland. Kari studerte på Ortopedisk institutt, medan Arve gjorde militærtjeneste på Fornebu. Eva Haugen var studieveninne av Kari og såleis truleg på same alder.

«Dei som sette livet til var gilde ungdomar som det har vore sett store voner til. Serleg tungt kjennest det når dei so brått og uventa vart rivne bort», stod det i Hordaland, onsdag 2. april.



AUGNEVITNE: Johannes Kvammen (t.h.) var fyrbøtar på nattoget som frakta landssvikfangar og vaktene deira til Upsete for å vera med på redningsarbeidet. Dei to syskenborna hans, Johannes og Arnfinn Graue stod i vindauga på Hornvestølen og såg raset ta ungdomane på andre sida av dalen. Biletet er teke palmesundag 1947, same dagen raset gjekk. FOTO PRIVAT



VELDIGREDNINGSAKSJON: Ein liten del av hjelpemannskapasamlapå flatene rettsør for Langvatnet, med ann nyemannskap strøymertil overisen. Dette biletet vart myt i Arvid Møllers bok Den farlegenaturen, utgjeven på Det Norske Samlaget 1986.